

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 21.10.2016
SAKSHANDSAMAR: Brita Mauritzen Næss
SAKA GJELD: **Høyringsvar - endring av forskrift kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar - psykisk helsevern og rus**

ARKIVSAK: 2016/3097
STYRESAK: 122/16

STYREMØTE: 02.11. 2016

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret slutter seg til høyringsvaret som går fram av saka.
2. Høyringsvaret vert sendt til Helse- og omsorgsdepartementet innan fristen 23. november 2016.

Oppsummering

Denne saka er administrasjonen sitt forslag til høyringsvar til endring i forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengighet (TSB).

Fakta

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag om endringar i forskrift 18. november 2011 nr. 1115 om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar.

Departementet foreslår endringar i forskrift slik at den også skal gjelde for pasientar i psykisk helsevern og TSB.

Departementet foreslår å innføre nokre nye prosesskrav knytt til utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og TSB. Det er lagt opp til at endringane skal tre i kraft frå 1. januar 2017.

Departementet foreslår likevel at kommunane si betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og TSB ikkje trer i kraft før tidlegast i 2018.

Kommentarar

Helse Vest ser positivt på at forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar også skal gjelde for pasientar i psykisk helsevern og TSB. At forskrift ikkje har omfatta desse pasientane kan ha forårsaka uønska prioritering frå kommunane si side mot å styrke tilbod innanfor somatiske lidningar og ikkje innanfor psykisk helsevern og TSB.

Helse Vest er einige i departementet sitt forslag om at gjeldande forskrift i størst mulig grad vert uendra, og at det berre skal innarbeidast nødvendige endringar for å utvide ordninga til også å omfatte utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og TSB.

Berekning av økonomisk grunnlag

Helse Vest er einige i at kommunane si betalingsplikt enda ikkje trer i kraft da grunnlaget for berekning er svakt.

Før kommunens betalingsplikt kan tre i kraft må det hentast erfaringar frå korleis revidert forskrift fungerer innanfor psykisk helsevern og TSB, kva pasientar som skal definerast innanfor forskrift og kva omfang pasientar dette gjeld.

Helse Vest ber departementet om å leggje til grunn reelle og ferske data i berekninga av eit eventuelt trekk i ramma til spesialisthelsetenesta. Helse Vest deltar gjerne i vurderinga av kva data som bør liggje til grunn.

Krav om tidlig kontakt

Av nye prosesskrav i forskrifta foreslår departementet at det skal liggje eit krav til spesialisthelsetenesta om tidleg kontakt med kommunen. Departementet ber høyringsinstansane særleg vurdere når slikt krav om tidlig kontakt mellom spesialisthelsetenesta og kommunen skal gjelde.

Slik departementet ser det er to alternativ aktuelle, der dei sjølve vurderer at alternativ 2 er det beste:

- Alternativ 1: Krav om tidleg kontakt skal gjelde for pasientar i psykisk helsevern og TSB med behov for tenester frå både helse- og omsorgstenestene i kommunen og frå spesialisthelsetenesta etter utskriving
- Alternativ 2: Krav om tidleg kontakt skal gjelde pasientar i psykisk helsevern og TSB som spesialisthelsetenesta antar vil ha behov for omfattande kommunale helse- og omsorgstenester etter utskriving

Helse Vest støtter forslaget om krav til tidleg kontakt. For å få realisert gode pasientforløp er det nødvendig med tidleg kontakt og det er bra at dette blir nedfelt som krav. Departementet skisserer to alternativ og Helse Vest er einig i departementets vurdering i at alternativ 2 er den mest hensiktsmessige formuleringa. Det er rimeleg at spesialisthelsetenesta tar initiativ til samarbeidsmøter der dei antar at pasienten har behov for omfattande kommunale helse- og omsorgsteneste, uavhengig av om spesialisthelsetenesta skal vere involvert i oppfølginga vidare.

Innføring av betalingsfrie karensdagar

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på spørsmålet om innføring av eventuelle betalingsfrie karensdagar for kommunen. Tre dagar, som foreslått, synast å vere kort tid for kommunar å skaffe til veie bustad.

Det vesentlege her er å varsle kommunen tidleg slik at kommunar har lengre tid på å få på plass bustad. Gode samhandlingsrutinar, tidleg kontakt og strukturerte pakkeforløp vil truleg redusere behovet for betalingsfrie dagar. Det framstår ikkje hensiktsmessig å ha tre betalingsfrie karensdagar for kommunen og Helse Vest er av den oppfatning at det bør være 0 dagar.

Dersom karensfrie dagar blir innført må dette også takast med i berekninga av eit eventuelt økonomisk trekk frå ramma til spesialisthelsetenesta som følge av innføring av kommunal betalingsplikt.

Opphaldskommune versus folkeregistrert kommune

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om det er opphaldskommune eller folkeregistrert kommune som skal ha betalingsplikt.

Våre helseføretak er delt i dette spørsmålet. Enkelte taler for at det er opphaldskommunen som skal ha betalingsplikta i tråd med lov om helsetenester der pasienten har rett på helsetenester i den kommunen pasienten oppheld seg.

Enkelte andre meiner det er urimeleg å påføre vertskommunar store og upårekna utgifter som følgje av at pasientar buset seg i vertskommunar til rusinstitusjonar til dømes.

For Helse Vest er det eit poeng å etablere ein ordning som ikkje gir rom for meir bruk av skjønn og ulik tolking enn nødvendig. Ordninga som etterlet minst tvil om kva kommune som har betalingsplikten synast å vere å nytte folkeregistrert kommune.